

## Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020

**Åsmund Berthelsen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Vestland fylkeskommune meiner at Tysnes kommune sitt forslag til nytt kommunevåpen - Alternativ 2 - har fare for forveksling med Hordaland fylkeskommune sitt fylkesvåpen.
2. Vestland fylkeskommune ber Tysnes kommune ikkje legge opp til vedtak av Alternativ 2 på noverande tidspunkt.
3. Vestland fylkeskommune er viljug til å ta opp att diskusjonen ved eit seinare høve.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen bistå Tysnes komune om det vert førespurt.»

### **Avrøysting**

Berthelsen sitt forslag fekk 6 røyster (SV og R) og fall.  
Innstillinga vart vedteke mot 6 røyster (SV og R).

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune vil ikkje motsette seg Tysnes kommune om å ta i bruk alternativ 2 som kommunevåpen etter Tysnes sitt ynskje slik det føreligg frå saksutgreiinga.
2. Vestland fylkeskommune ser på det som positivt at Onarheimsseglet vert teken i bruk.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen bistå Tysnes kommune om det vert førespurt.